

## **Innspel til ny fleirbruksstasjon på Ostereidet.**

I samband med innspel til romprogram for ny fleirbruksstasjon på Ostereidet, har det kome innspel frå; Lindås ungdomsråd og ungdomsklubben Entry.

Innspela har blitt drøfta av kultursjef Øyvind Stang, kulturkonsulent Eileen Feste og ungdomskoordinator Robert Lorang Hansen.

Vi støtter innspela, og ungdomskoordinator Robert har fått mandatet til å gje ein ytterligare kommentar til innspela:

Ønsket om at kommunen vurderer høvet for å flytta ungdomsklubben frå Eknes til Ostereidet er høgst relevant. Når kommunen allereie i dag er i gang med å realisera ein ungdomsklubb i prosjektet "Ny Alversund glyma og fleirbruksstasjon", er det difor eit ønske frå både ungdomsklubben Entry og frå Ungdomsrådet at ei slik løysing vert vurdert i samanheng med ny fleirbruksstasjon på Ostereidet.

Ungdomsklubben Entry er ein kommunalt drifta klubb med to tilsette fordelt på ei 40,5% stilling. Klubben leiger i dag lokale hos ungdomslaget UL Idun Alvheim på Eknes, til kr 6000,- pr mnd + innbrotsalarm.

### **Ulemper med dagens lokalar:**

- I tillegg til den faste leiga, må ein leiga seg inn dersom dei ynskjer å arrangera noko utanom den faste opningsdagen.
- Ungdomane opplever at det er tungvindt å koma seg til og frå ungdomsklubben, da den ligg langt unna skule og idrettsanlegget på Ostereidet.
- Kommunen eig ikkje lokalet, noko som opplevast som ein ulempe og det er mindre fleksibelt.

### **Fordeler med å flytta ungdomsklubben frå Eknes til Ostereidet:**

- Kommunen sparar leigeutgifter på dagens lokalar, ei utgift som eventuelt kan leggjast inn i finansieringa av ny fleirbruksstasjon med ungdomsklubb på Ostereidet.

- Det vil vere med å utvikla Ostereidet som eit kommunedelsenter og utvikla eit godt nærmiljøanlegg. Dette i tråd med Kommuneplan – Samfunnsdelen (2017 – 2029) blant anna: strategi 33, mål nr.9 og strategi nr. 43, 44, 45 og 47 . Mål nr 14, og strategi 69, 72, 73, 74 og 76 .
- Det understøttar fleire av måla i Kvalitetsplan for oppvekst (2016-2028). Som mellom anna legg stor vekt på å skapa gode fritidstilbod i nærmiljøa.
- Det er i tråd med Kulturplanen (2010-2020) og målsettinga der knytt til fritidsklubbane.

Les i tillegg uttale frå Ungdomsråd og ungdomsklubben Entry.

Robert Lorang Hansen,  
Ungdomskoordinator Lindås Kommune

**Uttale frå Lindås Ungdomsråd (Utklipp frå protokoll):**

**13.03.2018 UNGDOMSRÅDET** Robert orienterte om kommunens planer om ny fleir brukshall på Ostereidet og mulighetene for å koma med innspel. Tidligare medlem av ungdomsrådet, Marius, orienterte litt om engasjementet som har vert tidligare. Ungdomsrådet er veldig nøgd med at det skal byggast ny hall på Ostereidet. Ungdomsrådet vil at kommunen tar omsyn til at ungdommen må få ein plass i den nye hallen, slik som ein ser det vert gjort i samband med ny barneskule/ungdomsklubb i Alversund. Ungdomsrådet visar til tidligare medieoppslag og engasjement frå ungdommen i Ostereidet ungdomskulekrins om behov for nye ungdomsklubblokale. Medlemmane i ungdomsrådet opplever at dagens tilbod på Eknes ligger upraktisk til, med dårlig kollektivtilbod. Eit tilbod for ungdom på Ostereidet i samband med ny fleir brukshall er derfor ynskjeleg.

**UR - 015/18 UTTALE:** Ungdomsrådet er positive til ny hall på Ostereidet, og ber om at ein tek inn eige areal til ungdom i planlegginga. Ungdomsrådet vil fremje innspel til byggeprogrammet.

### **Innspel frå Ungdomsklubben Entry v/tilsette og ungdom:**

- Kommunal ungdomsklubb – leiger i dag lokale hjå ungdomslaget UL Idun Alvheim på Eknes (6000,- pr mnd + innbrotsalarm). Har vore på Eknes i åtte år.
- Det er to ansatte i klubben, 40,5 % totalt.
- Klubb kvar tirsdag kl. 17.30-21 (følgjer skuleruta)
- Har pr i dag eit stort lokale på ca 200-250 kvadrat. Ein har ikkje behov for eit så stort lokale, men klubben har ein del utstyr som tek plass. Vi ser føre oss eit minimum på 150 kvadrat – fordelt over minimum to rom. Behovet er eit stort oppholdsrom, kjøkken, toalett og medierom. Treng også å kunne låne eit større rom til å arrangere blant anna ball, større diskotek, konsertar og liknande.
- Klubben har ein god del utstyr: biljard, bordtennis, air-hockey, fotballspel, medieutstyr som tre fjernstyr, prosjektor/lerret, fleire tv-spel, waveboard, diverse instrument, balansebrett, skateboard, trampoline, volleyballnett og diverse møblar.
- I dag får vi låne anlegget til ungdomslaget. I hallen vil vi ha behov for anlegg både i oppholdsrommet og i «hallen». WiFi er eit must!
- Vi har sett på teikningar av hallen i Alversund. Det vi ser er at oppholdsrommet til klubben er litt lite. Det vil også vere ein fordel for klubben å ha kjøkken i eit eige rom, då ein del ungdommar har behov for å snakke med vaksne i einerom.

### **Fordelar med å flytte klubben til Osterhallen**

- Vi stiller oss svært positivt til å flytte Entry til hallen på Ostereidet
- Meir sentralt – ungdommane kan stikke innom klubben både før og etter andre aktivitetar (trening, korps...)
- Fleire kan kome seg til klubben utan å vere avhengig av skyss
- Om klubben får disponere ein idrettshall, kan ungdommane vere meir aktive
- Ved at kommunen eig (?) klubben sine lokaler, vil det vere meir fleksibelt mtp å utvide tilbodet til fleire klubbdagar, samt andre tilbod som juniorklubb, dansekurs, øvingslokale for band og liknande
- Utleige av lokale til barnebursdag og andre sosiale aktivitetar

*Frå Bente Hindenes og Henriette Nævdal Telle m/ungdom*

*v/Entry Ungdomsklubb på Eknes.*